Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 8

Fylke: Sogn og Fj.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Breim

Emne: Beit og Bram

Bygdelag:

Oppskr. av: Ola Råd

Gard: Råd

(adresse): Breim

G.nr. 37 Br.nr. 3

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Eiga röynsle

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
Eg er lærar og bonde – 55 år.

SVAR

1. Så langt attende eg kan minnast hev mange – ja kanskje dei fleste nytta beit til hjelpefor. Og enno er det sume som brukar beit når dei kjem i „vårknipa", som vi seier her.
Det er alltid björk ein brukar til beit.
Beit – beita (ikkje brukt i fleirtal)
I samansetningar: Beitalass, beitabör, beitabuske, beiting.

2. Som verb: å beite (Eg kan ikkje finna det vert tidebögt i denne tyding.) Det vert helst bruka omskriving. (Han, dei, vi, eg) hög beit, hog beit, har hogge beit, skal hogge beit.
Nei, ein bruka vanleg vedaslede.
Brom er ikkje brukt her. Vi kalla det beit og når knuppar og bladblokar er til å sprett ut.

3. Beita vert helst nytta på ettejulsvinteren, frå kyndelsmesse og utover våren.
Vinterved av björk kvistar ein i skogen – i allehöve når den er noko

1241

stor. Både strangane (kubbane) og greinene vert köyrde heim på tunet og laga i dungar, strangane for seg og greinene for seg. Når ein så har tid og stunder högg ein det små riset av til beit. Dei små beitkvistene kan vera omlag 40-50 cm lange.

4. Vi brukar sigd å hogga med. Helst lauvsigd som gjerne er laga av ein avbroten ljå og med eit 25-30 cm langt skaft.

5. Det er helst kyrne som får beit inne i fjöset, ja stundom sauene og. Beita vert gjeva for seg sjölv og lagd i krubbe eller bås slik den er tilhogga ute på tunet.

Geitene lyt ta beit, bar eller einer ute i skogen. Eller når det er mykje snö heime på tunet. Geitene et furu- og einenåler og gneg bork av furugreiner.

6. Björkegreinene för beita er avhogga vert lagde i dungar eller beitakostar. Den ferdig-hogde beita vert anten lagde i dungar ute på tunet eller bore inn i löa til seinare bruk.

7. Skikken om å henta beit langfredag er ikkje kjend her.



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING